


# Bli med på byggjelaget!

Vil du vite meir?  
Sjå [www.sp.no](http://www.sp.no)  
eller ring oss på 23 69 01 00



Senterpartiet byggjer landet  
– bli med du òg!

**Eit medlemskap i Senterpartiet er noko mykje meir enn berre eit medlemskort. Du blir med på eit byggjelag som skapar resultat.**

*Vi ynskjer å ha deg med på laget fordi ditt medlemskap i Senterpartiet gjer at:*

- Vi byggjer landet saman. Ved å investere pengar i veg, jernbane og i sjøvegen, gjer vi avstandane mellom oss mindre. Di støtte gjer oss sterkare i våre krav.
- Vi skaper ein betre skule saman. Ein meir praktisk skule for elevane, meir tid til undervisning for læraren og eit klart nei til heildagsskulen, er nokre av våre svar på utfordringane i skulen.
- Vi legg til rette for fornybar energi saman. Vindmøller, bioenergi, småkraftverk, fjernvarme og utbygging av nett er viktige for oss.
- Vi prioriterer ein nær og god omsorg for våre eldre og pleietrengande, der vi også ynskjer å leggje meir til rette for at folk kan få bu heime så lengje dei maktar det.

## **Kommune- og fylkestingsvalet i 2011 er den fyrste utfordringa vi tek saman**

Vi vil ha deg med som medlem, fordi vi saman får løyst viktige oppgåver på ein god måte. Lokal politikk handlar om vår kvardag – ein kvardag du kjenner best.

Senterpartiet ynskjer å ta deg som medlem av partiet med på råd, og som medlem i partiet har du stor innverknad i lokallaget ditt.

- Bli med på kommuneråd, der alle saker som skal opp til politisk handsaming i kommunen blir drøfta.
- Kom med innspel til saker du vil vi skal ta opp!
- Bli delegat til årsmøtet i ditt fylke, der du tek opp saker som er viktig for deg og dine i nærmiljøet.
- Eller du kan rett og slett berre vere medlem – for å gje di støtte til vårt arbeid både lokalt og sentralt.

Vi ynskjer deg velkommen på laget – der vi saman byggjer likeverdige tilbod i heile landet. Hjå oss kan du ta opp den politikken som interesserar deg, så fortel oss meir om kva du vil arbeide med.

